



MELAND KOMMUNE
MELAND UNGDOMSSKULE
Pb 79, 5906 FREKHAUG
Adresse: Havnevegen 51
Tlf.: 56 17 14 00 Fax: 56 17 14 01
E-post: post.melandung.skule@meland.kommune.no

Til elevar, foreldre og føresette

Frekhaug 12.04.18

Kveldsskule torsdag 26.april;

Positiv endring, motivasjon og livsmeistring

Torsdag 26.april kl.18.30-21.00 på Nordhordland folkehøgskule blir det obligatorisk kveldsskule for alle elevane våre, samstundes som vi ønskjer at flest mogeleg av foreldre og føresette også skal vere med. Vi kan gjerne seie det er obligatorisk også for foreldre...! Kommunestyret/utval for levekår og idrettsleiarar er også inviterte. Foreldrearbeidsutvalet (FAU) ved skulen støttar arrangementet og oppmodar også sterkt om at foreldre deltek.

Det blir to parallelle føredrag for vaksne og ungdom, med pause imellom. Det blir servering av frukt, kaker, saft, kaffi og te i pausa.

Simen Almås er ein ung mann som er overlevande frå Utøya og frå alvorlege brannskader han fekk som ungdom. Desse opplevingane har vore med å prege han, men fokuset hans er korleis ein kan oppleve å mestre livet sitt når motbakkane er store. Han har halde føredrag for mange ungdommar og foreldre, og har fått svært positive tilbakemeldingar på det han formidlar.

MOT er ei verktøy for å oppnå livsmestring og god psykisk helse gjennom å utvikle robust ungdom, som inkluderer alle. MOT arbeider etter tre kjerneverdier: MOT til å leve, MOT til å bry seg, MOT til å seie nei. Dei har lenge vore aktive i nabokommunane våre, og kjem no på besøk til oss.

Elevane skal få avspasere ein halv skuledag seinare i vår. Det vil skje i samband med eksamensavviklinga i mai/juni.

Velkomen til ein engasjerande kveld, med føredrag, samtale og refleksjon!

Med vennleg helsing,

Hilde Brendehaug Hugaas

Rektor

